



Dette er Brennholm anno 2002, utstyrt av Eidsvik

uskedalen.no har fått melding frå lesarar om at forskningsfartøyet Brennholm som fekk høgt kongeleg besøk i Bergen i føremiddag i si tid vart levert i utrusta stand frå Eidsvik.

Det er nok ikkje rett, for folk i bransjen slår fast at ein båt levert av Eidsvik og båten som no ligg på Vågen er 2 forskjellige båtar sjølv om dei har same namnet.

Dette er namnet til alle båtane som Fiskebåtredereiet Brennholm har hatt ned gjennom tidene. Eidsvik leverte rett nok ein Brennholm i 2002, men han vart avløyst av ein ny og større Brennholm i 2007.

Faktisk var den nye 10 meter lengre. Og det var denne, utstyrt på Karmøy, som fekk så smigrande besøk i dag, opplyser folk i bransjen.

Men neste gog er det kanskje Eidsvik sin tur?

Av Ola Matti Mathisen